

A P R I L - R U T I N A

17. MAI

VALKAMPEN.

STUDIEOPPLEGG PÅ VEDTEKTENE

Oslo 15/3 1975

Organisasjonsutvalet

134084A

STUOTICOPFEC PA VETRENT

17.MAI

Vårt politiske grunnlag for dagen skal vera:

- front mot dei imperialistiske supermaktene - for den nasjonale sjølv-
råderetten
- kamp for utvidelse av fiskerigrensa
- internasjonal solidaritet, støtte til frigjeringsrørslene

Innafor dette grunnlaget er det sjølv sagt mange ulike saker ein kan ta opp. Vi vil spesielt nemne innmeldinga i IEA (sjå leiaren i KK nr.47), olja, mot kapprustninga, mot militærevingar mot folket, Svalbard osv.osv.

Vi må reise 17.mai som ein kampdag for sjølvråderetten, og vi må gå mot borgarleggjeringa av dagen. Vi meiner desse "tre stolpane" tek vare på begge desse sidene, og at ingen av dei må stikkast vekk.

Vi viser til tidlegare rutine om demonstrasjon i

Andre DS bør vurdere om dei skal arrangere demonstrasjon eller om dei eventuelt kan markere dagen på annan måte. Vi meiner KK-sal og stands er minimum, og at mange bør halde møte.

På småplassar langs kysten kan vi tenke oss å gå inn for fiskeri-grensedemonstrasjon. Spesielt Distriktsstyra i Nord-Norge må vurdere dei

VALKAMPEN

1. Vi minner om fristen for å sende inn valkampbudsjett for fylkes- og kommunevalkampen til oss. Fristen er 1/4. Fristen må haldast, både av omsyn til oss - og ikkje minst av omsyn til DS sjølv. (Det er forbode å halde attende pengar til innsamlinga, og DS vil ikkje få attendeført pengar til sin valkamp før fordelingsnøkkel er fastsett.)

2. Vi har to gonger bede om å få inn vedtak om listestilling frå lokal- laga, også frå dei som skal boikotte - og vi manglar framleis mange. Siste fristen var 1/3. Vi meiner dette er viktig: - laga bør gjera klåre vedtak for å kunne koma i gang med arbeidet og - vi må få inn oversikt over vedtaka for å kartlegge motseiingar.

Dei DSa som har godt samvet, kan denne masinga ligge - og dei andre må no ta tiltak.

STUDIEOPPLEGG PÅ VEDTEKTENE

Etter vedtak i Politisk Utval har OU laga eit debattoopplegg til bruk for avdelingsstyra. Opplegget tek for seg vedtektene, og vil bli gjort obligatorisk for alle avdelingsstyrer.

Opplegget vil bli utlevert på formannskonferansene over påske.